

*Vi har råd til velferd
Vi har tid til omsorg
Vi har rett til eit verdig og likestilt arbeidsliv
Vi har rom for mangfold
Vi har mot til å gå egne vegar*
(Frå RV sitt valmanifest 2007)



Naustdal Raud Valallianse

- stem Raudt - stem Raud Valallianse

“Det må også byggjast sanitær- og parkeringsanlegg i samband med park og badeanlegget på Sanden.”



STEM RAUDT- STEM RAUD VALALLIANSE!

Jordbruket i Naustdal

Jordbruket er særst viktig for kommunen vår. Går det dårleg for jordbruket, slår dette negativt ut for Naustdal kommune, både når det gjeld folketalet og økonomien.

RV går inn for:

- Kommunen må hjelpe til for å få folk til å busetje seg på nedlagde gardsbruk.
- Støtte til prosjektet "Grøn omsorg", som kan værte ei verdfull attåtning for aktuelle gardsbruk.
- Å sikre ein framtidretta, og miljøvenleg produksjon.
- Ta vare på økologi og dyrevelferd.
- Støtte til regjeringa sitt mål om å oppnå 15% økologisk produksjon innan 2015.
- Støtte til foredling av lokale ressursar gjennom miljøvenleg småskalaproduksjon.
- Satleg auka midlar for å ta vare på kulturlandskapet, særskilde støtteordningar til vestlandske småbruk på line med Nord-Noreg.

RV er sterkt imot at gardsbruk vert seld til kapital-sterke personar som berre vil bruke desse som ferie og fritidsbustadar.

Vi vil at bruk for sal må seljast til folk som vil busetje seg i grendane.

Fiske og friluftsliv

Førdefjorden er trong med ei lang tilgjengeleg strandline, som gjer den verdfull i friluftssamanheng. Fiske på fjorden har alltid vore ein viktig ressurs for alle.

Dette godet må takast vare på. Nye og eksisterande fiskeoppdrett trugar allemannsretten.

RV går inn for:

- Oppdrettsanlegga må ut av Førdefjorden og plasserast til havs, det beste på sikt er å gjere anlegga landbaserte.
- Å hindre rovfiske etter enkeltartar i fjorden.
- Å styrkje allemannsretten til fritidsfiskarane, samt allemannsretten til strandlina.

Kultur og idrett

Vevringutstillinga, kunstnarar, idrettsutøvarar og den nye barne- og ungdomskunsthifestivalen framhevar Naustdal på ein positiv og god måte. Aktiviteten rundt desse er identitetskapande for mange, og gjev folk trua på seg sjølv og styrkje det sosiale miljøet.

Desse aktivitetane tykkjer vi er ryse kjekke!

RV går også inn for oppbygging av ein kulturskule i kommunen.

Turisme i Naustdal

RV går inn for utvikling av gards- og bygdeturisme i Naustdal. Det må leggjast til rette for utleige av småbåtar i

kommunen. Det må også leggjast til rette for meir bruk av fjellet og naturen, ved merkjing av stiar og turmål. RV meiner her trengst fleire rasteplassar i kommunen, og minst ein campingplass. Det må også byggjast sanitær- og parkeringsanlegg i samband med park og badeanlegget på Sanden.

Kraftliner

RV går kraftig imot at den planlagde gigantkraftlina (Fardal- Ørskog) skal krysse Naustedalen. Ei slik kraftline er eit så stort naturinngrep at den ikkje kan akseptierast. Sogn og Fjordane har inga trong for lina, då den vert bygd for å føre krafta ut av fylket. Dersom denne lina likevel vert bygd, krev RV at den vert lagd som sjøkabel! I samband med det planlagde rutilprosjektet i Vevring er det og planlagd ei stor kraftline til Engebøfjellet. Denr lina er og eit uakseptabelt naturinngrep!

Skule og barnehage

Vi i RV ser dei store manglane i skulesektoren i Naustdal i dag.

Samtidig ser vi og mangelen på ressursar. Vi ynskjer oss ikkje ein skule der ein lærar må dekke tre klassar grunna mangel på lærarar. Vi ynskjer oss ein skule med nok lærarar til at elevane kan lære og ynskjer å lære. Vi ynskjer og fullstendig barnehagedekning. Vi ynskjer at alle foreldre som ynskjer å sende barna sine i barnehage i Naustdal skal få eit kvalitetstilbod.

Magnar er 56 år, og RV sin førstestekandidat, sit i kommune- styret. Arbeider som lærar og småbrukar, busett på Gryta. Han har arbeidd som journalist v/ NRK Sogn og Fjordane.

Har vore fylkesleiar for Norsk bonde og småbrukarlag i 3 år. Visesongar med nyleg utgjeven CD saman med to vener frå Høydalsfjorden. Magnar sit og i styret for den no så velkjende Vevringutstillenga.

Vil fronte skule, helse og omsorg, og er motstandar av rutilutvinninga i Engebøfjellet.



RV ynskjer:

- Å stogge alle kutt i utdanningssektoren
- RV ynskjer å annsette fleire lærarar i Naustdals-skulen
- RV ynskjer full barnehagedekning og vill støtte forsøk på å utvide kapasiteten der det ikkje går utover kvaliteten vi ynskjer oss

Ungdom

RV ynskjer seg eit aktivt ungdomsliv i Naustdal. Vi ynskjer eit allsidig kulturtilbod for alle ungdommar. Vi ynskjer engasjert ungdom som vil vere med å arbeide for dette. Dette veit vi at Naustdals-ungdommen er.

RV ynskjer:

- Renovasjon av Gamlemeieriet i Naustdal
- Gamlemeieriet som eit kulturhus for ungdommen
- Utviding av kulturskule tilbodet

Utbetring av rv 611

I dag er det lite byggjeland att i sentrum. Det næraste og beste byggjelandet er Mallasvik – Sæla. For å kunne nå i dette området må det byggast gang- og sykkelsti. RV synest det er bra at kommunen har engasjert seg i dette arbeidet. Dessutan meiner vi at gang- og sykkelvegen må lengjast til Liabø i same slengen, for der har vi òg har eit byggjefelt. Dessutan må heile vegen utbetrast vidare utover langs fjorden til Redalen og vidare Vevring – Svortevik. Alt dette er viktig for vidare utvikling i området Naustdal – Vevring – Horne.

RV vil ha hjelp frå folk flest til å få denne vegsaka prioritert i kommunestyre og fylkesting.

Gangbru over Nausta

Det har i årevis vore tala om ei gangbru over Nausta mellom byggefelta og sentrum. RV meiner at ei slik bru vil nytte saman sentrum, gjere det trafikksikrere og kanskje minske kjøpestraumen til Førde noko. Gang- og sykkelveg for skuleborn er òg nødvendig for å kunne utnytte byggjelandet under Kletten.

Er Noreg eit fattig land?

Naustdal har endå dårlegare økonomi i dag enn ved førre val, men er ikkje åleine. Stoda er berre meir dramatisk her enn i dei fleste andre kommunar som ikkje har gjennomført så store nedskjeringar tidlegare. Auken i tilskota til kommunane er for mange kommunar mindre enn prisstiginga. Dessutan har kommunane fått redusert skatteøret for 2007. Naustdal har i tillegg fått redusert tilskot med to millionar på grunn av nedgang i folketalet.

Det offentlege får ein minkande del av brutto nasjonalproduktet. Samstundes har vi no eit oljefond på 1300 000 000 kroner, som stadig veks. Dette tyder at den private rikdommen aukar; det same gjer den offentlege

Nina 45 år, er RV sin andrekandidat, heimeverande, busett på hobbybruket Vestbø i Frammarsvika saman med mannen Rune.

Har jobba innan helse og omsorg servise og næring.

Har hatt verv i ulike lag og organisasjonar, er meddommar i Tingretten og Helse og sosiale saker for Sogn og Fjordane og Hordaland.

Vil jobbe for betre skule, helse og omsorgstenester, samt legge til rette for nyskaping, etablering og marknadsføring av alt det positive vi allereie har i Naustdal.



fattigdommen. Totalt sett har Noreg aldri vore så rikt. RV meiner at vi må ta pengane der dei finst. Vi må ta tilbake litt både frå milliardæra og frå oljefondet for å få skikk på kommuneøkonomien.

Folkeleg opprør

Det offentlege forbruket sett i høve til nasjonalproduktet minkar framleis. Dette er ein bra politikk for milliardæra og for dei som er så rike at dei ikkje har bruk for offentlege tenester.

For folk flest blir dette verre og verre. Medan rikdommen aukar hos mange, blir det fleire fattige. Dette gjeld fyrst og fremst sosialklientar, minstepensjonistar, sjuke og uføre og arbeidslause; men òg mange med små inntekter; ikkje minst mange deltidsarbeidande kvinner.

Ved valet bør vi hugse at det er dei same politiske partia som styrer både staten og kommunane. Det er politikarane i Naustdal sine eigne parti på Stortinget som er sterkt medskuldige i tilstanden. Mot denne politikken trengst det no eit kommunalt og folkeleg opprør. RV meiner at kommunepolitikarane er feige.

Dei burde heller no nekte å vere med på fleire nedskjeringar. Eventuelt legge ned verva sine i protest. Arranger protestmøte og demonstrasjonar!

Få helse- og omsorgs- og kommunalmi-nistrane hit og la dei få sjå og høyre!

Sit ikkje lenger i Naustdal kommunestyre som gislar for stat og storkapital!

Vi krev: Slett gjelda til kommunane!



Vekk med eigedomsskatten i Naustdal!

Lova om eigedomsskatt vart i si tid innført som ein byskatt; ein skulle betale for fordelane med å bu i strok som var utbygde på byvis.

Dette er ei ekstra skatt på husa til folk, og som er usosial då han råkar alle med same sats.

Og dei rikaste kommunane, der dei rikaste bur, slepp heilt unna.

Lova vart endra i 2006, slik at ein no kan ha eigedomsskatt over alt. Dette var eit påfunn for tilsynelatande å styrke økonomien i kommunane. Men eigenleg er det eit påfunn for å velte meir av dei kommunale utgiftene direkte over på innbyggjarane. Dermed kan staten og oljefondet spare og bli endå rikare. Reduksjonen i skatteøret til kommunane – og den smålege nominelle auken i tilskota - viser at denne påstanden er rett.

eko

NOMINASJONSLISTE FOR RAUD VALALLIANSE NAUSTDAL

Nr.	Namn	Født
1	Magnar Falkenstein	1950
2	Nina Areklett Bergum	1962
3	Ørjan Thingnes	1984
4	Monica Helen Areklett Grytten	1984
5	Bjørnar Berge	1988
6	Kirsti Solheim Stegane	1939
7	Rune Bergum	1965
8	Annie Louise Mathisen	1961
9	Markus Nes	1989
10	Nadine Ranke	1976
11	Arne Reidar Underlid	1952
12	Dagmar Vigdis Falkenstein	1982
13	Joar Stegane	1937
14	Malwina Ambrozewicz	1988
15	Rene Aarseth	1985
16	Wenche Helen Wefring	1962
17	Jan Ove Skauge Hjelmaas	1977
18	Einar Tefre	1967
19	Grete Bjørndal	1960
20	Ove Helge Apalseth	1972



Vil du vite meir? Ta gjerne kontakt med oss !

Nina A. Bergum: kvepp@online.no
og Joar Stegane: joar.stegane@enivest.net